



ÅMLI KOMMUNE  
- BYGDA FOR ALLE



## Reglement for godtgjersler til kommunale folkevalde

Vedteke i kommunestyret 05.09.2019, sak K 19/65

**Gjeldande frå ny kommunestyreperiode 2019-2023**

# INNHALD:

<b>1</b>	<b>Reglementet si målsetjing og verkeområde.....</b>	<b>3</b>
1.1	<i>Målsetjing.....</i>	3
1.2	<i>Ymse godtgjersler.....</i>	3
1.3	<i>Kven reglementet gjeld for.....</i>	3
1.4	<i>Unntak.....</i>	3
1.5	<i>Når reglementet gjeld.....</i>	3
1.5.1	ORDINÆRE MØTE.....	3
1.5.2	REPRESENTASJON UTANOM ORDINÆRE MØTE.....	3
<b>2</b>	<b>Erstatning for tapt arbeids-/næringsinntekt, trygd og pensjon.....</b>	<b>4</b>
<b>3</b>	<b>Godtgjersle, leiargodtgjersle og fast godtgjersle.....</b>	<b>5</b>
3.1	<i>Godtgjersle.....</i>	5
3.2	<i>Faste godtgjersler.....</i>	5
3.3	<i>Fellesbestemmelsar.....</i>	6
<b>4</b>	<b>Skyss- og kostgodtgjersle.....</b>	<b>6</b>
<b>5</b>	<b>Utbetaling.....</b>	<b>6</b>
<b>6</b>	<b>Årleg regulering av alle satsar med kronebeløp.....</b>	<b>6</b>
<b>7</b>	<b>Endringar i reglementet.....</b>	<b>6</b>
<b>8</b>	<b>Tvist om forståing av reglementet.....</b>	<b>6</b>

# 1 Reglementet si målsetjing og verkeområde

## 1.1 Målsetjing

Dette reglement tek sikte på å yte ein rimeleg kompensasjon for den arbeidsinnsats som vert ytt av medlemmer/varamedlemmer av kommunen sine politiske organ, erstatning for tap av arbeidsinntekt, samt å dekke reelle utgifter som er knytta til tillitsvervet.

Eit overordna prinsipp er at det ikkje skal utbetalast dobbel yting.

Det blir difor ikkje gitt erstatning for tapt arbeidsinntekt når vedkomande samtidig mottar løn frå arbeidsgjevar.

## 1.2 Ymse godtgjersler

Dette reglement omfattar fylgjande typer godtgjersler.

1. Erstatning for tapt arbeidsinntekt
2. Godtgjersle, leiargodtgjersle og fast godtgjersle
3. Skyss- og kostgodtgjersle

## 1.3 Kven reglementet gjeld for

Reglementet omfattar samtlige medlemmer og varamedlemmer av fylgjande kommunale politiske organ, dersom det ikkje vert ytt godtgjersle frå andre instansar:

1. Kommunestyret
2. Formannskapet
3. Andre styre, utval og råd oppnemnd av kommunestyret.

## 1.4 Unntak

1. Representantar som er oppnemnd av kommunen i eksterne utval, styre og råd føreset ein får dekkja sine utgifter frå vedkomande eksterne organ. Dersom så ikkje skjer, har vedkomande medlem frå kommunen rett på godtgjersler etter dette regelverk. For godtgjersle gjeld pkt. 3.1, gruppe 3.
2. Tilsette i kommunen som er vald som dei tilsette sin representant i eit eller fleire av dei organ nemnd ovanfor i pkt. 1.3, nr. 3, har ikkje krav på godtgjersle etter dette reglement dersom dei får løn frå kommunen på møtetidspunktet. Dette gjeld likevel ikkje tilsette som møter som medlem eller varamedlem i administrasjonsutvalet. Desse har etter hovudavtalen krav på godtgjersle etter dette reglement på lik line med dei politisk oppnemnde medlemmer og varamedlemmer.
3. Tilsette som i kraft av lov, reglement, instruks eller vedtak i kommunalt politisk organ er pålagt sekretærarbeid, har ikkje rett på godtgjersle, erstatning for tapt arbeidsinntekt eller sekretærgodtgjersle etter dette reglement.
4. Utval der godtgjersla er fastsatt på anna måte.

## 1.5 Når reglementet gjeld

### 1.5.1 ORDINÆRE MØTE

Godtgjersle etter dette reglement vert gitt for ordinære møte og andre lovleg innkalte møte i det organ vedkomande er vald inn i. Dette gjeld òg synfaringer og andre samlingar det samla organ føretek som ledd i si ordinære verksemd.

### 1.5.2 REPRESENTASJON UTANOM ORDINÆRE MØTE

Medlemmer og varamedlemmer av kommunale politiske organ som blir pålagt av kommunestyret eller ordførar å representere kommunen utanom ordinære møte, har krav på skyssgodtgjersle samt erstatning for tapt arbeidsinntekt, etter dette reglement. Det vert ikkje ytt godtgjersle i desse høve.

## 2 Erstatning for tapt arbeids-/næringsinntekt, trygd og pensjon

Kommunale valde representantar har rett til dekning av tap i ordinær arbeids- og næringsinntekt, trygd og pensjon og andre legitimerede utgifter som utøvninga av vervet gjer nødvendig.

Reisetid reknast frå bustad eller frå arbeidsstad (om vedkomande reiser frå arbeidsstad) og til vedkomande er tilbake på bustad eller arbeidsstad. Total tid inklusiv reisetid og møte avrundast til næraste halvtime.

### Ulegitimert tap:

Representantar utan lønnsinntekt eller utan legitimasjon får tapt arbeidsinntekt på kr 665,- pr dag for møter over 4 t inkl. reisetid. For møter under 4 t inkl. reisetid utbetalast kr 333,-.

Kommunestyremøter tel som møter over 4 timar.

### Legitimerte tap:

For møter over 4 timar inkl. reisetid kan dokumentert tapt arbeids-/næringsinntekt, trygd og pensjon dekkast med inntil ordføraren si daggodtgjersle.

For møter under 4 timar inkl. reisetid kan dokumentert tapt arbeids-/næringsinntekt, trygd og pensjon dekkast med inntil halve ordføraren si daggodtgjersle.

Kommunestyremøter tel som møter over 4 timar.

### Merknad:

Ordføraren si daggodtgjersle er gjeldande årsløn delt på 260 dagar.

### Dokumentasjon

- Lønsmottakarar må dokumentere tapt arbeidsinntekt inkl. feriepengar med erklæring.
- Pensjons- og trygdemottakarar må dokumentere tapt pensjon og trygd med erklæring frå utbetalar om storleiken på trekket.
- Sjølvstendig næringsdrivande får utbetalt tapt inntekt etter eigenerklæring for møte på dagtid. Inntekta vert definert lik summen av lønnsinntekt og næringsinntekt. Det vert kravd stadfesting frå likningskontoret ein gong pr. år over summen av lønnsinntekt og arbeidsinntekt frå sist leverte sjølvmelding. Eventuell endring i inntekta vert å justere frå det kvartal slik stadfesting vert gitt.
- Sjølvstendig næringsdrivande som må leige inn hjelp for møte på dagtid og kveldstid på grunn av verksemda sin art (verksemd som ikkje kan stenge eller der ein del av arbeidet må gjerast på kveld) får i staden for dekking av tapt inntekt dekt dokumenterte utgifter til hjelp inntil ordførar si til ei kvar tid gjeldande dagløn.
- Omsorgsarbeid (utgifter til barnepass, pleie/omsorg av eldre, funksjonshemma m.v.): Dokumenterte utgifter avgrensa oppad til kr 388,- pr møte.

## 3 Godtgjersle, leiargodtgjersle og fast godtgjersle

### 3.1 Godtgjersle

I tillegg til godtgjersle for tapt arbeidsinntekt vert folkevalde gitt som vederlag for førebuing, arbeid under møta og evt. oppfølging av saker, slik godtgjersle som fastsett nedanfor i dette pkt. A. Varamedlemer får tilsvarande godtgjersle når dei møter i staden for eit fast medlem.

Ved forfall til møte vert det ikkje gjeve godtgjersle sjølv om vedkomande har bruka tid på førebuing.

Det blir ikkje gjeve godtgjersle eller dekka tapt arbeidsforteneste for gruppemøte då dette er møte som organiserast av partia.

#### Gruppe 1

Medlemer av kommunestyre  
Godtgjersle kr. 555,- pr. møte.

#### Gruppe 2

Medlemer av formannskap, det faste utval for plansaker, klageutvalet, administrasjonsutvalet og kontrollutvalet.  
Godtgjersle kr. 443,- pr. møte.

Det blir ikkje ytt godtgjersle for meir enn eitt møte pr. dag i same utval. Det blir heller ikkje ytt godtgjersle for meir enn eitt møte om eit utval same dag også møter i eigenskap av anna utval.

Skysstgifter vert dekka for eitt møte og kun når reiseavstand er over 2 km kvar veg.

#### Gruppe 3

Medlemer av alle andre råd og utval  
Godtgjersle kr. 333,- pr møte

### 3.2 Faste godtgjersler

1. Varaordfører får ei fast godtgjersle pr år lik 10% av ordføraren sin godtgjersle pr. 1/1 og det utbetalast ikkje møtegodtgjersle. Leiari av kontrollutvalet får ei fast årleg godtgjersle på 1 % av ordføraren si godtgjersle i tillegg til fast møtegodtgjersle.  
Ordfører får fullmakt til å omdisponere inntil 20 % av sin stilling til varaordfører.  
Gruppeleiarar for dei politiske partia som er representert i kommunestyret får ei årleg godtgjersle lik 0,5 % av ordførarens godtgjersle pr.1.1. Ordfører og varaordfører får ikkje denne godtgjersla.
2. Godtgjersle til ordfører skal vere 90% av lønna til ein stortingsrepresentant. Godtgjersla byggjer på at ordføraren skal vere i full stilling. Godtgjersla skal erstatte godtgjersle, leiargodtgjersle og tapt arbeidsinntekt for kommunale møter, samt for deltaking i kurs, seminar, foredrag, konferansar, møte o.l. som ordfører eller representant for utval.  
Godtgjersla skal òg dekke ordføraren si kontortid.  
Godtgjersla skal betalast ut den månaden ordføraren går av.  
Godtgjersle gir ikkje feriepengar, men vert utbetalt i 12 like store delar.  
Ordføraren skal behandlast likt med andre kommunalt tilsette med omsyn på sjukepengar og forsikringsordningar (dødsfall og gruppelivsforsikring).
3. Tillitsmenn med faste, årlege godtgjersler som i eit kalenderår er fråverande meir enn 1/3 av møta i vedkomande utval, får si årlege godtgjersle tilsvarande redusert.
4. Varamedlemer for medlemer med faste, årlege godtgjersler som møter i meir enn 1/3 av møta i løpet av eit kalenderår, vert gjeven fast godtgjersle rekna høvesvis etter antal møter.

### 3.3 Fellesbestemmelsar

1. Folkevalde med fast godtgjersle som er på 1/3 av godtgjersla for full stilling vert meldt inn i den ordinære pensjonsordninga for tilsette i KLP.
2. Møtegodtgjersle vert kun gitt for plenumsmøte og plenumssynfaringar.
3. For deltaking i kurs, seminar, foredrag, konferansar og møte som blir halden av andre enn Åmli kommune, stillingsintervju, tilstelningar m.v. vert det ikkje gitt godtgjersle.
4. Godtgjersle vert ikkje gitt lovbestemte medlemmer eller medlemmer der medlemskapen er ein del av ordinær tenesteplikt.
5. Kommunale arbeidstakarar som møter i kommunale styre/utval/råd osv. som representantar for dei tilsette eller deira organisasjon har rett på godtgjersle når møta vert halde utanom arbeidstakarens arbeidstid.

## 4 Skyss- og kostgodtgjersle

- A. Medlemer av kommunale styre, råd, utval o.l. har i samband med reiser som er nødvendig for vervet krav på skyssgodtgjersle etter det til ei kvar tid gjeldande "Kommunenenes reiseregulativ". Skyssutgifter vert dekkja når reiseveg er over 2 km kvar veg.  
Kost- og losjoutgifter vert å utbetale etter dokumenterte utgifter.  
Ordføraren får skyssgodtgjersle frå heimstad for møter utanom normal arbeidstid utanfor Åmli kommune.
- B. Kommunale tillitsvalde vert gitt samtykke til å bruke eigen bil på reiser som er nødvendig for vervet, dersom den kommunale bilen ikkje er ledig.  
Der det er mogleg må fleire reise saman.

## 5 Utbetaling

Godtgjersle, reisegodtgjersle, erstatning for tapt arbeidsforteneste og refusjon over medgåtte kost- og losjoutgifter vert å utbetale etter oppgåve frå administrasjonen 2 gonger i året, dvs. i juni for november-april og i desember for mai-oktober.

Godtgjersle til ordførar og varaordførar utbetalast månadleg.

## 6 Årleg regulering av alle satsar med kronebeløp

Alle kronebeløp i dette reglement, og som ikkje regulerast i høve til ordføraren si løn, regulerast med endringa i grunnbeløpet i folketrygden og første gong pr. 01.05.2016.

## 7 Endringar i reglementet

Dette reglementet vert å ta opp til vurdering ved slutten av kvar valperiode.  
Reglementet skal vere behandla i kommunestyret FØR nytt kommunestyre blir konstituert.

## 8 Tvist om forståing av reglementet

Krav om godtgjersle og/eller erstatning som vert framsett og som administrasjonen ikkje finn utan vidare å kunne godkjenne, vert å legge fram for formannskapet til endeleg avgjerd.